

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Kommunestyresalen
Dato:	05.09.2016
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	4 / 2016

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
23/16	Godkjenning av protokoll frå møtet 6. juni 2016
24/16	Orientering frå rådmannen
25/16	Oppfylging av selskapskontroll i Lyse AS
26/16	Overordna analyse selskapskontroller
27/16	Plan for selskapskontroll 2016 - 2020
28/16	Prioritering av prosjekter til ny plan for forvaltningsrevisjon
29/16	Plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020
30/16	Endring av vedtak i sak 3/16 vedr forvaltningsrevisjon Skulemiljø II
31/16	Møteplan 2017
32/16	Budsjett for kontroll og tilsyn 2017
33/16	Rekneskap for kontroll og tilsyn pr 31. juli 2016
34/16	Revisor si uavhengighetserklæring 2016
35/16	Statusoversikt september 2016

Referatsaker/meldinger

Periode:	06.06.2016 - 05.09.2016	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel

[Medlemsoversikt](#)

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer og varamedlem som møter.

Bjerkreim, 29.08.2016

Magne Vaule
Liaer av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

Oversikt medlemmer

23 / 16 Godkjenning av protokoll frå møtet 6. juni 2016

Arkivsak-dok. 16/00154-7
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	23/16

Protokoll frå møtet 6. juni vart framlagd for kontrollutvalet til formell godkjenning

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet 6. juni 2016.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll Bjerkreim 06.06.16](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

24 / 16 Orientering frå rådmannen

Arkivsak-dok. 16/00158-7
 Arkivkode. 027
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	24/16

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møtet 6. juni 2016 ein plan for å invitere administrasjonen til møta framover, for å få orientering om kommune si verksemd. Dette er eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet vedtok at dei ville starte med å invitere rådmannen.

Rådmannen har fått fylgjande invitasjon:

Kontrollutvalet ønsker at rådmannen skal orientere på eit overordna nivå om kommunen.

Her er nokre stikkord om kva som kan vere aktuelt å si noko om:

- Rådmannen si rolle i kommunen
- Samhandling og tilrettelegging i høve til folkevalde
- Leiing og utvikling av kommunen sin organisasjon
- Kommunale planar
 - o Utvikling av planar og vedlikehald av desse
- Tankar om framtida:
 - o Endringar i kommunesektoren
 - o Utfordringar med tanke på framtida sitt behov for tenester og kva kommunen kan gje av tilbod
 - o Tilgang på rett kompetanse
 - o økonomi

Det vert sett av 30-45 min til orienteringa, inklusiv tid til spørsmål/dialog.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet til rådmannen si utgreiing til orientering.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

[Click here to enter text.](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

25 / 16 Oppfølging av selskapskontroll i Lyse AS

Arkivsak-dok. 14/00042-12
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	25/16

Bakgrunn

Kommunestyret i Bjerkreim behandla i møte den 18.11.15 selskapskontrollen med forvaltningsrevisjon Lyse Energi AS, og fatta følgende vedtak:

- Kommunestyret i Bjerkreim tek selskapskontroll "Lyse AS" til orientering.
- Rapporten vert vidaresend styret og eigarane for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.
- Styret og eigarane gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er følgt opp innan 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

I rapporten kom revisor med følgende anbefalingar til kommunane:

Alle eierkommunene bør vedta en og samme felles eierstrategi. Her bør både kommunestyrene og generalforsamlingen/bedriftsforsamlingen involveres for å avklare prosessen ved å utforme og vedta eierstrategien. Det kan være hensiktsmessig at eierstrategien vedtas av generalforsamlingen/bedriftsforsamlingen til sist. På den måten får en et samlet vedtak fra alle eierkommunene.

Eierkommunene bør avklare nærmere bedriftsforsamlingens rolle ved større strategisaker.

Revisors anbefalingar til styret:

- Styret bør legge stor vekt på at selskapet regelmessig gjennomfører grundige sammenligninger mot alle relevante konkurrenter av avkastningen pr. hovedarbeidsområde.
- Styret bør påse at ledelsen har konkrete planer som skal sørge for at Lyses avkastning minst er der styret har målsatt at den bør være.
- Styret kan vurdere og drøfte med eierne om det er hensiktsmessig å offentliggjøre avkastningsmål og avkastning for de enkelte virksomheter. Dette kan f.eks. gjøres som del av styrets melding til eierne. Dette vil gjøre det enklere for innbyggerne i eierkommunene og offentligheten i sin alminnelighet å vurdere Lyses resultater.

Saksutgreiing***Rådmennenes oppfølging av rapporten:***

Rådmennene i eigarkommunane har samarbeidd om statusrapport på oppfølging av anbefalingar, og har i brev av 06.06.16 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp.

Ved behandling av rapporten i Lund, Strand og Sandnes vart det vedtatt nokre tillegg for vidare oppfølging. Desse vert og omtala i statusrapporten. Her er hovudtrekka i rådmennenes oppfølging:

1. *Eierkommunene bør vedta felles eierstrategi:* I følge rådmennene skal den spesifikke eigarstrategien overfor Lyse AS reviderast i valperioden 2015 -2019. Den skal lagast etter ny og tydelegare mal som eigarkommunane har utvikla. Forslaget til revidert eigarstrategi skal behandlast politisk i eigarkommunane, noko som igjen vil ta litt tid med 16 kommunar. Endeleg

behandling i eigarkommunane er venta rundt årsskiftet 2017/18 og ei mulig orientering i ordinær bedriftsforsamling og/eller generalforsamling kan leggest til våren 2018.

2. *Eierkommunene bør avklare bedriftsforsamlingens rolle ved større strategisaker:* I sitt svar gir rådmennene tilbakemelding om at ei vurdering av selskapet sine styrande organ og framtidig innretning av ansvar og oppgåver kan verte eit tema i revisjon av eigarstrategien.
3. *Offentliggjøring av avkastningsmål og avkastning:* I følge rådmennene er det naturleg å gjera ei slik drøfting i samband med utarbeiding av ny felles strategi. Dei meiner at etablerte system er føremålstenlege for eigarane i dag og at ytterligare behov for avkastningsmål må sjåast i samband med kommunens 4-årige handlings og økonomiplan.
4. *Lund kommunestyre har vedtatt at eierkommunene/valgkomiteen bør ha som mål å fremskaffe styrerepresentantar som kompetansemessig er jevnbyrdig med konsernledelsen:* I følge rådmennene er det i vedtekter og aksjonæravtale i gjeldande eigarstrategi overfor Lyse AS gjort greie for betydinga av ei styresamansetning som tener selskapet. Samtidig skal selskapet arbeida med å sjå nærmare på rammer og kriterier for valgkomiteen sitt arbeid. Revidert eigarstrategi skal her samordnast.

Kommunestyret i Strand ber om klarhet i om Strand kommune kan delta med en representant i eigarskapsgruppa. Rådmennene har bekrefta at Strand kommune kan delta i rådmennenes administrative eigarskapsgruppe.

Sandnes bystyre har påpekt viktigheten om meroffentlighet og åpenhet. Vidare har bystyret bede om at strategien knytt til sponning vert revidert og drøfta med generalforsamlinga. Rådmennene gjer tilbakemelding om at spørsmål knytt til meiroffentlegheit og openheit er naturlege tema i revisjon av eigarstrategien, men at strategi for sponning er ein del av selskapets marknadsføring.

Rådmennene har svart på alle anbefalingar i rapporten knytt til eigarane. Det er og gitt kommentar til fleire av anbefalingane til styret. For fylldigare informasjon vert det vist til vedlagt svarbrev.

Styrets oppfølging av rapporten:

Styret har i brev av 24.06.16 gitt tilbakemelding på korleis styret har følgd opp rapporten. Her er hovudtrekka i styret si oppfølging:

1. *Anbefaling om felles eierstrategi:* Styret viser til felles eigarstrategi som representerer ca 90 prosent av aksjane, og at det ikkje vert opplevd som problematisk å følgja opp eigaranes anbefalingar.
2. *Anbefaling til eierkommunene vedrørende bedriftsforsamlingens rolle ved større strategisaker:* Styret viser til investeringa i det nye Lysebotn kraftverk som eit godt eksempel på ei sak som bedriftsforsamlinga har behandla. Vidare viser styret til gjeldande lovverk, derav aksjeloven/allmennaksjeloven og til selskapet sine eigne styrande dokument for bedriftsforsamlinga si rolle.
3. *Anbefaling til eierkommunene/valgkomiteen fra Lund kommune vedrørende sammensetting av styret i Lyse AS:* Styret viser til vedtak gjort i generalforsamlinga i april 2016, der valgkomiteen vert bedt om å fremja forslag til retningslinjer for samansetning og oppnemningsprosess av konsernstyret.
4. *Anmodning fra Sandnes kommune om at strategien rundt sponning revideres og drøftes i generalforsamlinga:* Styret peiker på at det er deira ansvar og myndigheit å fastsetja strategi og retningslinjer for sponning. Styret finn det ikkje naturleg å drøfta sponning i generalforsamlinga, då sponning vert nytta i reklame og marknads- føring av konsernet. Det

vert og peika på at sponning av objekt som er den enkelte kommune sitt ansvar kan verte sett på som utbytte, og at likebehandling av aksjonærar m.a. då trer inn.

5. *Anmodning fra Strand kommune knyttet til medlemskap i den administrative eierskapsgruppen:* Styret stiller seg positive til at representantar frå alle eigarane gis anledning til å delta.
6. *Bystyret i Sandnes påpeker viktigheten av meroffentlighet og offentlighet:* Styret viser til brei dokumentasjon om konsernet si verksemd på nettstaden www.lysekonsern.no. Styret vil òg arbeide vidare med spørsmålsstillingar knytt til meiroffentlegheit.
7. Styret peiker på at det er ein løpande del av styrets arbeid og sørge for at *Lyse avkastning er i tråd med styret si målsetning.*
8. *Offentliggjøring av avkastningsmål og avkastning for de enkelte virksomhetene:* Styret finn ikkje ei slik offentleggjering verken vanleg eller hensiktsmessig, då dette er forretningskritisk informasjon. Eigarkommunane si forventning til verdivurdering og synleggjering av avkastning vil verte teke vare på gjennom ei ordning der det kvart anna år vert gjort ei uavhengig verdsetting av Lysekonsernet. Eigarane si avkastning vil gå fram av denne verdsetjinga. I styrets melding til eigarane 2016 er verdsetjing pr.31.12.15 tatt inn.

Styret har stort sett gitt tilbakemelding på alle anbefalingar i rapporten. Punktet ang. samanlikningar med relevante konkurrentar knytt til avkastning pr. hovudarbeidsområde er ikkje eksplisitt svart på, så sant dette ikkje felle inn under merknadene i pkt. 7 og 8 ovanfor.

For fylldigare informasjon frå styret, vert det vist til vedlagt svarbrev.

I følge kontrollutvalsføreskrifta med merknader er det kontrollutvalet sitt ansvar å sjå til at rådmannen/styret følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsetja korleis administrasjonen skal følgja opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, det er eit administrativt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melda saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner at dei ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rådmennenes og styret sine tilbakemeldingar på oppfølging av rapporten til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Tilbakemelding fra styret i Lyse](#)

[Oppfølging fra Rådmennene - Rapport Lyse AS](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

26 / 16 Overordna analyse selskapskontroller

Arkivsak-dok. 16/00163-3
Arkivkode. 144
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	26/16

Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte i 2015 overordna analyse for både forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Den overordna analysen for forvaltningsrevisjon var klar til første møtet i år, mens analysen for selskapskontroller ble klar til dette møtet.

Saksutgreiing

Sekretariatet har bedt Rogaland Revisjon gi en kort presentasjon av overordna analyse for selskapskontroller.

Analysen er vedlegg til plan for selskapskontroller 2016 - 2020, som blir behandla i egen sak i dette møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalget i Rennesøy tar overordnet analyse selskapskontroller til orientering.

Analysen er vedlegg til plan for selskapskontroll se egen sak.

SANDNES, 24.08.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[RR Bjerkreim 2016 Overordna analyse Plan for selskapskontroll](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

27/16 Plan for selskapskontroll 2016 - 2020

Arkivsak-dok. 16/00163-1
 Arkivkode. 144
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	27/16

Bakgrunn

Etter føreskrift om kontrollutval § 13 skal kontrollutvalet minst éin gang i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baserast på en **overordna analyse** av kommunen sitt eigarskap ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med tanke på å identifisere behova for selskapskontroll på dei ulike sektorar og med die ulike selskapa. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden. Planperioden går eit år ut over kommunestyreperioden, då ny plan ikkje vil bli vedteken før i 2020.

Saksframstilling

Kontrollutvalet har bestilt gjennomgang av kommunens eigarskapsforvaltning, og venter på rapport som skal leverast til fyste møte i 2017. Det vil i utgangspunktet ikkje vere behov for nye gjennomgangar her i løpet av inneverande periode om ikkje spesielle forhold oppstår.

Blant de aktuelle selskapa er det ingen som Bjerkreim kommune eig aleine. Ein eventuell gjennomgang av enkeltselskap der det kan gjennomførast forvaltningsrevisjon i medhald av KL § 80 vil difor følge som eigne prosjekter på et seinare tidspunkt. Slike prosjekt vil i så fall bli gjennomført i samarbeid med dei andre eigarane.

Dersom kontrollutvalet etter revisor si gjennomgang av overordna analyse har forslag til spesielle prioriteringar i planen, vil disse bli innarbeidd før den vert vidaresend til kommunestyret for sluttbehandling.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i denne saken.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kommunestyret i Bjerkreim vedtek framlagd Plan for selskapskontroll for perioden 2017 – 2020, i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

SANDNES, 18.08.2016

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Plan selskapskontroll 2017 - 2020 Bjerkreim](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

28/16 Prioritering av prosjekter til ny plan for forvaltningsrevisjon

Arkivsak-dok. 16/00162-13
 Arkivkode. 144
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	28/16

Bakgrunn

Som eit ledd i arbeidet med å prioritere prosjekt som skal inn i den nye Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode, har kontrollutvalet i Bjerkreim gjennomført samtalar med politisk og administrativ leiing i kommunen. Her har kontrollutvalet fått innspel til aktuelle prosjekt for utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon. Alle innspela er samla i eit eige dokument, sjå vedlegg 1.

Kontrollutvalet har òg fått utarbeidd ei overordna analyse, sjå vedlegg 2. Utarbeiding av denne analysen er lovpålagt. Dette dokumentet vil kontrollutvalet kome tilbake til i det vidare arbeidet med prioriteringar og utarbeiding av den endelege planen.

Det neste steget i prosessen er å summere opp innspela og starte på prioriteringane av dei prosjekta som er komne fram i prosessen.

Saksutgreiing

Før kontrollutvalet tar til med oppsummering og prioritering blant innkomne innspel, må utvalet tenke gjennom om dei har eigne innspel dei og vil ha med i den vidare prosessen. Kontrollutvalet kan og spørje revisor og sekretariat om dei ser områder som kan vere naturleg å føye til utover det som allereie er kome fram.

Kontrollutvalet kan så starte prosessen med å prioritere kva prosjekt som skal leggjast inn i planen i første runde. Her må kontrollutvalet gjere seg opp ei eiga meining om kor sannsynleg det er at ei uynskt hending på aktuelle område kan oppstå (vurdering av risiko). Vidare må kontrollutvalet vurdere kor stor konsekvens ei uynskt hending kan få (vurdere kor vesentleg ei slik hending vere). Ut frå den vurderinga kontrollutvalet gjer, vil utvalet kome fram til kva dei vil prioritere i planen. Sekretariatet tar med ei eiga matrise (vedlegg 3) som kontrollutvalet bruker i samband med denne prioriteringa.

Kontrollutvalet har budsjettramme til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i året. Det inneberer at utvalet i planperioden kan gjennomføre ca. fire forvaltningsrevisjonar. Det kan vere lurt å prioritere nokre fleire prosjekt, då det kan skje endringar undervegs som gjer at eit prosjekt ikkje er aktuelt lenger, mens eit anna kan vere meir aktuelt.

Planen skal gjelde i ein fireårsperiode frå slutten av 2016 fram til ny plan er ferdig mot slutten av 2020. Dette er ein lang periode, og planen bør difor vurderast på ny minimum ein gong i perioden. Kor omfattande ei slik rullering skal vere er det naturleg å ta stilling til på det tidspunktet der det er aktuelt å gjennomføre rullering av planen.

For å prosessen med ei slik rullering av planen smidigare, opnar regelverket for at kontrollutvalet kan be kommunestyret delegere myndighet slik at utvalet kan gjere oppdateringane

sjølv. Kontrollutvalet sendar då melding til kommunestyret om endringane som er gjort. I den vedlagte skissa til plan, vedlegg 4, er dette innarbeidd.

Kontrollutvalet bør bruke tid på prioriteringsprosessen. Planen vil bli oppdatert med dei prioriteringane kontrollutvalet gjer i møter, før den vert send over til kommunestyret for sluttbehandling.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet ber sekretariatet oppdatere planen med prioriteringane som utvalet kom fram til i dette møtet, samt oppdatere oversikta over innkomne innspel.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Overordna analyse - Bjerkreim 2016](#)

[Innkomne innspel til plan for forvaltningsrevisjon](#)

[Matrise for prioritering av innspel til plan for forvaltningsrevisjon \(konsekvensanalyse\)](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

29 / 16 Plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2020

Arkivsak-dok. 16/00162-14
 Arkivkode. 144
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	29/16

Bakgrunn

Årleg gjennomføring av systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon) er ei lovpålagt oppgåve for kontrollutvalet.¹ Det same er utarbeiding av ein *plan for forvaltningsrevisjon* for kvar valperiode.²

Kontrollutvalet har laga plan for forvaltningsrevisjon for inneverande periode som ligg ved saka. Det same gjer overordna analyse av Bjerkreim kommune som er utarbeidd av Rogaland Revisjon. utarbeiding av analysen. Den overordna analysen er og lovpålagt, er eit vedlegg til planen.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har i arbeidet med planen gjennomført samtalar med politisk og administrativ leiing i kommunen kor dei har fått innspel til aktuelle prosjekt. Med utgangspunkt i desse innspela og overordna analyse, har kontrollutvalet føreteke ei prioritering som er lagt inn i planen.

Kontrollutvalet har budsjettramme til å årleg gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i året. Budsjettet skal i hht forskrift om kontrollutvalg § 9 vera tilstrekkelig til å gjennomføre minst ein årleg forvaltningsrevisjon.

Det kan skje endringar undervegs i perioden som gjer at eit prioritert prosjekt ikkje er aktuelt lenger, mens eit anna kan vera meir aktuelt. Lovreglane opnar også for at kontrollutvalet kan be kommunestyret om å delegera myndigheit, slik at utvalet sjølv kan rullera planen i plan-perioden. Dette gir ein smidigare planprosess ved nødvendige oppdateringar. Dersom kontrollutvalet gjer endringar i planen er det naturleg at det vert sendt melding til kommunestyret om endringa.

Planen skal gjelda i ein fireårsperiode frå 2017 fram til ny plan er ferdig mot slutten av 2020. Dette er ein lang periode, og kontrollutvalet vil derfor vurdere om det er behov for ei større oppdatering/rulling i perioden.

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne saka.

¹ Kommunelovens § 77.4, jfr. forskrift om kontrollutvalg § 9.

² Forskrift om kontrollutvalg § 10

KONTROLLUTVELT INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTA SLIKT
VEDTAK:

Kommunestyret i Bjerkreim vedtar den framlagde Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med kontrollutvalets vedtak.

Kontrollutvalet vert delegert myndighet til å oppdatere planen dersom det vert naudsynt i perioden. Oppdatert plan vert sendt kommunestyret til orientering.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Utkast til plan for forvaltningsrevisjon](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

30/16 Endring av vedtak i sak 3/16 vedr forvaltningsrevisjon Skulemiljø II

Arkivsak-dok. 13/00301-52
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	30/16

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Bjerkreim behandla i møte 15.02.2016 sak om Orientering frå revisor om status forvaltningsrevisjonen Skulemiljøet II. Revisor bad kontrollutvalet avklare korleis revisjonen skulle avgrensas, om revisor berre skulle sjå på nye saker eller om ein og skulle så om det var utvikling i gamle saker.

I protokollen vart det under møtebehandling teke med fyljande: «*Senior forvaltningsrevisor orienterte om status. I samheng med orientering føreslo revisor å avgrense oppfylgingsrapporten til å berre omfatte nye saker. Kontrollutvalet var einige i denne avgrensinga.*»

Protokollen var lagd fram for godkjenning i møtet 25.04.2016 vart samrøystes vedteken utan merknader på denne sak. I juni var sekretariatet i ein e-post, gjort merksam på at kontrollutvalet var ueinig i formuleringa i protokollen 15.02.2016. Denne eposten vart sen i samheng med gjennomlesing av protokollen frå møtet 06.06.2016.

Sekretariatet gjorde merksam på at protokollen etter at protokollen var godkjent i møtet 25.04.2016, kunne denne ikkje endrast. Men sekretariatet kunne legge fram ein ny sak der kontrollutvalet gjorde om vedtaket

Saksutgreiing

Ein protokoll, kan berre endrast før den de er vedteken. Sekretariatet har rutine på å sende protokollen til alle medlemmene i utvalet med ein kort svarfrist. Dette gjer me, for å få rette opp eventuelle feil før med sendar ut protokollen.

I påfølgande møte vert protokollen lagd fram for formell godkjenning. Om kontrollutvalet då har merknader vil me notere dette under behandling, og kan då rette protokollen i samsvar med dette etter møte. Me vil og då legge dette til i vedtaket.

Når kontrollutvalet etterpå vedtar protokoll, er denne låst og kan ikkje endrast. Om kontrollutvalet i ettertid ser at vedtaket ikkje var rett, kan dei be om ein ny sak, slik som denne, kor utvalet fattar eit nytt vedtak. Det nye vedtaket vil då erstatte det gamle.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Når det gjeld avgrensing av forvaltningsrevisjonen Skulemiljøet II, vil kontrollutvalet i Bjerkreim at revisor ser både på nye saker og eventuell utvikling i gamle saker.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

31 / 16 Møteplan 2017

Arkivsak-dok. 16/00159-7
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	31/16

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2016 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2017. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

I forslaget til møteplan legg me opp til 5 møter, 3 møter om våren og 2 om hausten. Møter kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då formannskapet i følgje forskrifta må kjenne kontrollutvalet si uttale om årsrekneskapen før dei innstiller til kommunestyret. I møteplanen har vi førebels satt inn 24. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er vedteken. Vi vil då gje beskjed om dette så snart vi vert kjent med møtedatoane.

Møtedag har vore måndag, og møtetidspunkt kl. 08.30. Møtedatoar og dagar skal tilpassast 16 andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på denne. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar følgjande møteplan for 2017:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Måndag	06.02.2017	08:30	
Måndag	24.04.2017	08:30	<i>Kan bli endra</i>
Måndag	12.06.2017	08:30	
Måndag	11.09.2017	08:30	
Måndag	13.11.2017	08:30	

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

32 / 16 Budsjett for kontroll og tilsyn 2017

Arkivsak-dok. 16/00169-2
 Arkivkode. 151
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	32/16

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalets budsjettvedtak i tråd med forskrift leggst fram for kommunestyret i samband med behandling av kommunens samla budsjett for 2017.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter forbundne med kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir derfor å sjå på som ei "avdeling" i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber òg eit ansvar for rekneskap og rekneskapsoppfølging.

Saksutgreiing:

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner pålegg kommunen å ha ei forsvarlig revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettforslaget omfattar derfor lovpålagte oppgåver.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovudpunkt; utgifter til utvalsarbeidet, kjøp av revisjons-tenester og sekretariat.

Kontrollutvalets utgifter

Kontrollutvalets utgifter består av møtegodtgjersle til kontrollutvalets medlemmer, utgifter til kjøring/ transport, kurs m.m. Utvalets medlemskap i FKT høyrer også med her, dette er ein kontingent som påløper årlig så lenge kommunen er medlem. Sekretariatet har ikkje mottatt meldingar frå Bjerkreim kommune om endringar i godtgjørsler el. Budsjettet er justert ned med ca 3.000 kr *Etter endringar i IKS-lova pr. 1. jan. 2014 er det kun denne delen av budsjettet som kan endrast av kommunestyret, sjå nedanfor.*

Revisors budsjettforslag:

Bjerkreim kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper derfor sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt forslag til budsjett frå revisor, som vert behandla i styre og representantskap i hhv. august og september. Når budsjettet er vedtatt i representantskapet, er det bindande for kommunen. Evt. endringar må derfor tas via kommunens representant i representantskapet.

Revisors budsjett omfattar i grove trekk utgifter til vanlig rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planar vedtatt av kommunestyret, samt oppmøte i kontrollutvalet. Det vert vist til eige vedlegg frå revisor for oversikt over kva som er forventa brukt til dei forskjellige føremåla. Revisor har i sitt budsjettforslag foreslått ei auke på kr 20.500.

Sekretariatets budsjettforslag:

Bjerkreim komme er medlem i det interkommunale § 27-samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalet sin administrasjonstenester her. Sekretariatet sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp til kommunane vart godkjent av styret den 2. sept. 2016. Budsjettet i eit § 27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet og følgjer elles dei same reglane som for interkommunale selskap, dvs. at det ikkje kan endrast av samarbeidskommunane.

Det er i år ei samla auke i budsjettet på kr 5000,-. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endeleg betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene gjort ved rekneskapsavslutning. Fram til nå har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at styrets vedtektne budsjett har vore tilstrekkelig.

Samla budsjettforslag

Samla sett vert det føreslått eit budsjett på kr. 558.000 kr. eksklusiv meirverdiavgift.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2017 på kr. 558 000,- ekskl. mva.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2017](#)

[RR Budsjett 2017 Bjerkreim kommune](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

33 / 16 Rekneskap for kontroll og tilsyn pr 31. juli 2016

Arkivsak-dok. 16/00171-11
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	33/16

Bakgrunn:

Som ein konsekvens av kontrollutvalets ansvar for å leggja fram årlege budsjettforslag for kontroll og tilsyn (eiga sak) følgjer også ansvar for budsjettoppfølging overfor eige budsjett.

Rapporten baserer seg på mottatte opplysningar frå Bjerkreim kommune pr. 31.07.16, revisors tertialrapport pr. 31.07.16 (vedlegg) og sekretariatets rekneskap pr. 31.07.2016.

Saksutgreiing:

Kommunen rapportert tertialvis, og 2. tertial er pr. 31.08. Revisor rapporterer imidlertid alltid i samband med oversending av budsjettforslaget for komande år, som er pr. 31.07.

Rekneskapsoversikta er derfor sett opp pr. denne dato. Gjennomsnittlig forbruk pr. 31.07. ligg på ca. 58,33% av budsjettet. For revisor vil det likevel variera i løpet av året, då nokre periodar er meir arbeidsintensive enn andre. Sekretariatet fakturerer i 3 terminar, og rekneskapsoversikta frå kommunen vil difor vise eit forbruk på ca. 2/3 av årsbudsjettet. På dette tidspunktet vil oversikta frå revisor gje det rettaste bildet av forbruket innafor dette området, då det viser faktisk forbruk i perioden. Kommunens oversikt viser kva som er postert i rekneskapet pr. 31.07.2015. Det kan derfor vera rekningar som ikkje er postert eller fakturaer som ikkje er sendt på rapporteringstidspunktet.

Når det gjeld utgifter til sekretariat viser kommunens rekneskap 74.000,- som stemmer med det som sekretariatet har fakturerer. På årsbasis vil utgiftene til kjøp av sekretariatstenester stemme med budsjettetert utgift.

Revisors oversikt viser at det er brukt meir enn gjennomsnittet, både på det som er oppgitt frå kommunen. Rekneskapsoversikt frå kommunen viser at alle fakturer frå revisor registrert på rapporteringstidspunktet.

Samla forbruk litt under gjennomsnittet både på kommunens eigen rapportering og når ein tar omsyn til selskapa sine egne rekneskap.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.16 til orientering.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.07.2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

34 / 16 Revisor si uavhengighetserklæring 2016

Arkivsak-dok. 16/00156-3
 Arkivkode. 026
 Saksbehandlar. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	34/16

Bakgrunn

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 15 pålegg oppdragsansvarlig revisor årlig og elles ved behov å gi ei skriftlig vurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Saksframstilling

Sekretariatet har mottatt vedlagte erklæring frå revisor, som er ei eigenerklæring om revisor sin uavhengigheit i forhold til Bjerkreim kommune.

Ifølge kommunelovens § 79 skal den som gjer revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekka revisor sin uavhengigheit og objektivitet. I tillegg seier §§ 13 og 14 i forskrifta kva for krav som skal stillast til revisor for å vera uavhengig, og kva for avgrensingar som finst for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Som det går fram av kommentarane til § 15, stilles det same krav om uavhengigheit og objektivitet både til oppdragsansvarleg revisor og til oppdragsansvarleg revisor sine medarbeidarar. Men kravet om dokumentasjon i forhold til kontrollutvalet (eigenerklæring), gjeld bare oppdragsansvarleg revisor. Erklæringa skal som nemnt gis årleg, dersom det ikkje ligg føre tilhøve som tilseier at erklæringa må gis hyppigare.

Erklæringa er gitt på revisor sitt eige ansvar, og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men tas til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor si uavhengighetserklæring 2016 til orientering](#)

SANDNES, 15.08.2016

Leni Tande
 Førstekonsulent

Vedlegg
[Uavhengighetserklæring Bjerkreim](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

35 / 16 Statusoversikt september 2016

Arkivsak-dok. 16/00290-11
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	05.09.2016	35/16

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går over fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Endringar til dette møtet:

Selskapskontrollen med forvaltningsrevisjon Lyse AS vert følgd opp i dette møtet og over send kommunestyret til orientering
 Kontrollutvalet har mottatt overordna analyse selskapskontrollar som vert presentert i møtet.
 Kontrollutvalet behandlar i dette møtet plan for selskapskontroller 2017 – 2020. Planen vert send vidare til kommunestyret for sluttbehandling.
 Kontrollutvalet ferdigbehandlar plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020. Planen vert send vidare til kommunestyret for sluttbehandling.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikt september 2016 til orientering.

SANDNES, 27.06.2016

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalget sine saker september 2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.